



*Teatret Vårt*

ÅRSMELDING 2008

Styret si årsmelding	2
Oppsummering frå teatersjefen	3
Resultatrekneskap	6
Balanse	7
Notar	8
Statistikk	10
Revisjonsmelding	10
Strategidokument 2009-2011	11
Repertoar	12
Sponsorar	14
Styre og representasjon	15
Personale ved Teatret Vårt	15

## Framsdebillete:

Valborg Frøysnes, Håkon Moe og Hilde Marie Farstad Bergersen i *Vinterdiale*. Foto: Arild Moen.  
Teatret Vårt, AS Regionteatret i Møre og Romsdal  
Carl Morten Amundsen  
Carl Morten Amundsen, Knut Lidvard Høgset og Rolf-Inge Pedersen Hjelseth  
Rolf-Inge Pedersen Hjelseth  
400

## Utgevar:

## Ansvarleg utgevar:

## Redaksjon:

## Utforming:

## Opplegg:

## STYRET SI ÅRSMELDING

### Selskapet

AS Regionteatret i Møre og Romsdal har som formål å drive teaterverksemd i Møre og Romsdal fylke. Selskapet sitt forretningskontor er i Molde kommune.

### Arbeidsmiljø og organisasjon

Arbeidsmiljøet i 2008 har vore godt.

Det totale sjukefråværet i år 2008 har vore 1,6 årsverk. Det er ikkje rapportert om skadar eller andre ulykker. Teatret si verksemd ureinar ikkje det ytre miljø.

### Likestilling

Teatret har eit styre med 4 kvinnelege representantar av totalt 7 styremedlemmer, der styreleiar er ei kvinne.

### Møter

Styret hadde i 2008 7 styremøter og handsama 34 saker.

### Økonomien i selskapet

Årsrekneskapan er gjort opp med eit overskot på kr 550 090,-. Sum eigenkapital er på kr 3 265 541. Av dette er 550 000 innbetalt aksjekapital. Teatret Vårt legg stor vekt på kostnadskontroll.

Styret er godt nøgd med den samla økonomiske situasjonen og dei kunstnarlege resultatata i 2008 for Teatret Vårt, og ynskjer å takke teatersjef og alle medarbeidarane for innsatsen.

Årsrekneskapan for 2008 er satt opp under føresetnad om fortsatt drift.

Molde 12. februar 2009

*Elen Lein*

Elen Lein  
styreleiar

*Ottar Brage Guttelvik*  
Ottar Brage Guttelvik  
styremedlem

*Heidi Iren Wedlog-Olsen*  
Heidi Iren Wedlog-Olsen  
styremedlem

*Per Kåre Trengereid*  
Per Kåre Trengereid  
nestleiar

*Valborg Frøysnes*

Valborg Frøysnes  
styremedlem

Per Kristian Øyen  
styremedlem

*Heidi Løkingholm*

Heidi Løkingholm  
styremedlem

*Carl Morten Amundsen*

Carl Morten Amundsen  
teatersjef

## OPPSUMMERING FRÅ TEATERSJEFEN

Teatret Vårt kan sjå tilbake på 2008 som eit år med fleire store kunstnarlege sigrar, eit godt økonomisk resultat, men med noko skuffande publikumsoppslutnad på nokre framsyningar.

Alle framsyningar i 2008 har vore tatt vel i mot av kritikarane. Terningkasta har variert mellom 5 og seks i den lokale pressa, og det gode nivået har vore stadfesta også av rikspressa i den grad framsyningane har vore melde der.

Året starta med noregspremieren på *Vinterdvale* av Heleen Verburg, i regi av Odette Bereska og med scenografi og kostymer av Anja Furthmann. Dette magiske universet fengsla barn og vaksne, og i august 2008 blei framsyninga heidra med Heddaprisen for beste barne- og ungdomsframsyning.

Aviskritikkane var også fulle av lovord.

Neste premiere var *Produktet* av Mark Ravenhill, ein scenisk monolog for to aktørar. Pål Sletaune sette i scene og Arne Nøst hadde scenografien. Arne Nøst hadde også scenografien til *Pietá* av Astrid Saalbach, den andre monologsatsinga denne våren. Dekorasjonane var slik utforma at dei lett kunne veksle og gjorde det mogleg å spele dei to framsyningane i repertoar.

I *Produktet* driv Ravenhill gjøn med underhaldningsindustrien. Kva trur ein publikum vil ha, kva skal ein gje dei for at ein skal vere sikker på at dei blir tilfredse – det vil seie kjøpe ein billett. Filmprodusenten i Svein Solenes' skipnad er viljug til kva det skal vere for å nå det store publikummet. Om dette skjer på kostnad av sanning eller etikk spelar inga rolle. Det som tel er å skape det ultimative produktet, det som alle vil konsumere og, som smurt med alskens fordomar, glir lett gjennom fordøyingsystemet. Det handlar om film. Jau, det gjer det for så vidt. Men det handlar også om alt som utgjev seg for å

vere eit utsegn om verda, så lenge det skal seljast på ein marknad. Det handlar til dei gradar også om teater.

Gode kritikkar for ein oppvisning i skodespel av Solenes. Dessverre ville ikkje like mange sjå framsyninga som vi meinte ho hadde fortent. 13 gonger gjekk framsyninga for eit publikum på 581. Premieren fann stad i Ålesund under Teaterfestivalen i byen.

Den andre store monologen som fekk premiere våren 2008 var *Pietá* av Astrid Saalbach. Saalbach er ein av Danmarks fremste nålevande dramatistar. Ho har aldri vore spelt på Teatret Vårt før. Vilkkåra for denne produksjonen, blei ikkje dei beste. På grunn av sjukdom blei premieren kraftig forseinka, og etter ein sær vellukka premiere fekk framsyninga altfor kort speletid. Igjen som følgje av sjukdom. Framsyninga blei derfor vist 11 gonger for 551 menneske. Romsdals Budstikke trilla ein seksar på terningen


Som ein innleiing til eit tettare samarbeid med Moldejazz sette Teatret Vårt opp framsyninga *Tusen og en natt* under festivalen. Familieframsyninga trakk 1 330 personar på de 12 framsyningane. Tre skodespelarar kom frå teatret, musikken hadde jazzfestivalen ansvaret for, og ein valde seg eit ensemble med indisk klassisk musikk. Svein Solenes sette i scene. Romsdals Budstikke trilla seksaren på terningen, VG ga henne ein femmar. Publikum var kjempebegeistra. Dei oppsette framsyningane i teltet på Gørvellplassen blei raskt utseld. Framsyninga blir teken opp att i samband med Moldejazz 2009. Det var tydeleg at dette kunne vi ha spelt meir av.

Hovudsatsinga i 2008 var oppføringa av Bjørnstjerne Bjørnson sin dramatiske trilogi *Sigurd Slembe*. Her var alle teatret sine skodespelarar med, og alle hadde gode rolleoppgåver. Uwe Cramer frå Tyskland hadde regi, og hans landsmann Ulv Jakobsen hadde ansvaret for scenografi og kostymer. Artist in residence under Moldejazz 2008, Marilyn Mazur, skreiv musik-



Hugo Mikal Skår, Hilde Marie Farstad Bergersen og Enrique Drageseth i

### TUSEN OG EN NATT



Hugo Mikal Skår i

### TUSEN OG EN NATT



Øyvind Gran og Eva Dons i  
**ET ROM FOR KJÆRLIGHET**

Foto: Arild Moen.



Øyvind Gran og Valborg Frøysnes  
**ET ROM FOR KJÆRLIGHET**

Foto: Arild Moen.

ken til stykket. Igjen noterer vi oss for særs gode kritikkar. Sunnmørsposten gav terningkast seks under overskrifta "Storslått Sigurd". Budstikka nøya seg med ein femmar, og Jostein Sæbøes framheva Svein Solenes i rolla som Sigurd og meiner det er den sterkaste prestasjonen denne skodespelaren har gjort hittil. Dagbladets Lillian Bikset kallar framsyninga "Utfordrande, men rikt", og meiner at framsyninga ikkje er så lett tilgjengeleg. Martin Nordvik i Adresseavisen er noko meir lunken enn dei andre, men også han understrekar den store satsinga til teatret.

IdaLou Larsen i Klassekampen konkluderer slik:

Prosjektet har sine svakheter, men det er løfterikt at et regionteater satser så kunstnerisk dristig, og en sterk annen akt redder forestillingen i land.

Framsyninga gjekk 30 gonger for 2 154 menneske.

Den siste premieren denne hausten var *Invasjon!* av Jonas Hassen Khemiri. Den svenske dramatikaren gjør internasjonal suksess med dette stykket. Teatret Vårt var det første teatret utanfor Sverige som teikna kontrakt om oppføring. Det har rettnok teke noko tid før premieren kunne komme, så både München og London kom Teatret Vårt i forkjøpet. Meldarane er igjen fulle av lovord. IdaLou Larsen i Klassekampen skriv:

Regissør Bjørn Sæter er en meget dyktig komedieregissør, hans oppsetning har rytme, fart og presisjon. Men så har han hatt også fire usedvanlege skuespillere. Hilde Marie Farstad Bergersen leker seg suverent gjennom flere vittige og vanvittige kvinneskikkelser mens svenske Isa Aouifia som allereie var med i teatrets *Sigurd Slembe*, imponerer her like meget som overdådig komisk onkel Lance, som rutinert programleder overfor forskerpanelet, og ikkje minst som patetisk og naiv asylsøkende jordbærplukker. Dei to unge NISS-utdannede skuespillerne gjør en glimrende innsats: I sine to monologer

har Enrique Drageseth eit sterkt scenisk nærvær, eit naturlig og overbevisende kroppsspråk, og ein levende og uttrykksfull mimikk, mens Hugo Mikal Skar utmerker seg med ett energisk og fysisk presist spill.

Teatret Vårt gir publikum ein teateropplevelse av de sjeldne.

*Invasjon!* gjekk 25 gonger i Molde for 1397 tilskodarar. Dette talet kunne også vore noko høgare. Framsyninga skal på turné i februar 2009.

Romsdals Budstikke skriv "Det er rått og elegant. Rått i form av språk og friske replikker som virker improvisert. Elegant fordi det henger så innmari godt sammen." (terningkast 5)

I november var det nypremiere på *Et rom for kjærlighet* av Malin Lagerlöf. To av tre skodespelarar blei bytta ut i forhold til fjorårsutgåva. Framsyninga som gjekk i Kultursekk-turné i 2007 blei sendt ut igjen i 2008 til dei skulane som ikkje fekk ho i fjor samt til fleire vidaregåande skular. Framsyninga viste seg å ha like stor gjennomslagskraft som i fjor.

Formidlingsavdelinga ved teatret har laga opplegg for skolane for *Vinterdvale* og *Et rom for kjærlighet*. Formidlingsavdelinga driv også ungdomsgruppa Lærtingan, ungdomsteatersatsinga DUS, og avdelinga har også ansvar for programserien Sidescenen.

## Magic-Net

2008 var også det siste året Teatret Vårt var deltaker i det europeiske teatersamarbeidet Magic-Net. Prosjektet *One day in Europe* med premiere i Bratislava fikk på sine 15 framsyningar med eit besøk på 1 527.

Samla hadde Teatret Vårt seks gjestespel i 2008. 38 arrangement samla 2 510 besøkende.

Sidescenen og åpent teaterhus fikk et besøk på 1 411 fordelt på 21 program.

## Turneverksemda og Teaterbyen Ålesund

I 2008 har Teatret Vårt vitja nestan alle kommunane i Møre og Romsdal.

Dette skuldast sjølvsagt først og fremst Kultursekken.

Turnéane retta mot eit ope betalande publikum har teatret større problem med. Det normale er at slike framsyningar får ein turneperiode på om lag 10 dagar. Teatret dekkjer då: Ålesund, Kristiansund, Sunndalsøra, Surnadal, Stranda, Rauma, Ørsta, Ulsteinvik, Fosnavåg og Brattvåg. Desse spelestadane har med unntak av Kristiansund gode scenetilhøve. Når økonomien tillet det, blir turnéen utvida med fleire spelestadar.

Konkurransen om merksemda er hard og teatret slit med å kunne gje dei einskilde framsyningane det marknadsmessige trykk som er naudsynt for å trekke folk.


Slike turneframsyningar får som oftast berre ein sjanse på kvar stad, slik at "munn til munn-metoden" får sjeldan sjansen til å virke. Vidare veit vi at det knapt finst nokon kunstart som er så avhengig av lokalt eigarskap som teater. Jo meir teatret vert tvunge til å bli verande i Molde, jo større blir avstanden til dei andre spelestadane. Dette er ein vond sirkel.

Saman med Ålesund kommune har teatret teke initiativ til prosjektet Teaterbyen Ålesund. Prosjektet har fått økonomisk støtte frå Sparebanken Møre og frå Teatret Vårt. Ålesund Teaterfestival inngår også i prosjektet. I 2008 er det blitt fremja ei sak i Ålesund kommune med tanke på å få til ei biscene for regionteatret i byen. Denne biscena skal spesialisere seg innafor barne- og figurteater. Kommunen har teke "Barneteatret Vårt" med i økonomiplanen frå 2011. Ei sak til departementet blir førebudd med tanke på å få etablert ei slik

scene i 2011.

Totalt kom 31 861 menneske og så dei 282 framsyningane teatret hadde i 2008.

Det økonomiske resultatet syner eit overskot på 550 090,-.



Vivi Sunde, Terese Mungai og Svein Solenes i

## LAMPEDUSA

Foto: Arild Moen.



Terese Mungai i

## LAMPEDUSA

Foto: Arild Moen.



Håkon Moe, Valborg Frøysnes og Hilde Marie Farstad Bergersen i

### VINTERDVALE

Foto: Arild Moen.



Hilde Marie Farstad Bergersen i

### VINTERDVALE

Foto: Arild Moen.

## RESULTATREKNESKAP

	NOTE	2008 Rekneskap	2007 Rekneskap	2006 Rekneskap
<b>I Driftsinntekter</b>				
Billett- og programsal	2	1 971 073	2 808 868	2 810 188
Andre inntekter		1 143 433	1 785 595	1 470 011
Driftstilskott		21 331 000	20 480 500	19 073 000
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>24 445 506</b>	<b>25 074 963</b>	<b>23 353 199</b>
<b>II Driftskostnader</b>				
Kostnader arbeidskraft	3, 4, 5	14 260 783	13 377 980	14 466 747
Materialkostnader		732 588	484 110	631 649
Sal- og informasjonskostnader		961 691	1 016 956	1 170 191
Andre driftskostnader		5 159 889	6 272 955	4 517 524
Kostnader lokale		2 160 282	2 277 086	2 209 556
Utstyrskostnader		119 273	100 353	108 042
Avskrivingar	6	640 000	596 294	530 068
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>24 034 506</b>	<b>24 125 734</b>	<b>23 633 778</b>
<b>III Driftsresultat</b>		<b>411 000</b>	<b>949 229</b>	<b>-280 579</b>
<b>IV Finansielle postar</b>				
Finansinntekter		186 213	41 214	30 652
Finanskostnader		47 123	47 466	30 457
<b>Resultat av finansielle postar</b>		<b>139 090</b>	<b>-6 252</b>	<b>195</b>
<b>V Resultat før EOP</b>		<b>550 090</b>	<b>942 978</b>	<b>-280 384</b>
<b>VI Ekstraordinære postar</b>				
Ekstraordinære inntekter				
Ekstraordinære kostnader				
<b>Resultat av ekstraord. postar</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>VII Årsresultat</b>		<b>550 090</b>	<b>942 978</b>	<b>-280 384</b>
<b>Avsatt til annan egenkapital</b>		<b>550 090</b>	<b>942 978</b>	<b>-280 384</b>

**BALANSE pr. 31.12.**

	NOTE	2008	2007	2006
<b>Anleggsmidler</b>				
Varige driftsmidler	6	2 349 400	2 147 254	2 508 576
Finansielle anleggsmidler	9	295 286	220 701	189 054
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>2 644 686</b>	<b>2 367 955</b>	<b>2 697 630</b>
<b>Omløpsmidlar</b>				
Kundefordringar		143 253	1 243 528	206 732
Andre kortsiktige fordringar	11	1 828 874	78 481	46 913
Forskottsbetalte kostnader og opptente inntekter	10	1 148 839	976 348	1 364 760
Kasse, bank	8	758 164	917 705	195 341
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>3 879 130</b>	<b>3 216 062</b>	<b>1 813 746</b>
<b>SUM ANLEGGSMIDLAR OG OMLØPSMIDLAR</b>		<b>6 523 816</b>	<b>5 584 016</b>	<b>4 511 376</b>
<b>Eigenkapital</b>				
Innskutt eigenkapital				
Aksjekapital (275 á 2.000,-)		550 000	550 000	550 000
Opptjent eigenkapital				
Annan eigenkapital		2 715 541	2 165 451	1 222 474
<b>Sum eigenkapital</b>	7	<b>3 265 541</b>	<b>2 715 451</b>	<b>1 772 474</b>
<b>Langsiktig gjeld</b>				
Lån		0	0	0
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>				
Kreditorar		654 881	339 658	648 127
Skuldig feriepengar m.m.		1 185 248	1 073 371	1 097 513
Skuldig offentlege avgifter		1 038 318	844 969	861 323
Anna kortsiktig gjeld		379 828	36 116	17 901
Forskottsbetalte inntekter og opptente kostnader	10	0	574 451	114 038
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>3 258 275</b>	<b>2 868 565</b>	<b>2 738 902</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>6 523 816</b>	<b>5 584 016</b>	<b>4 511 376</b>



Svein Solenes og Ingvild Vaagsether i

**PRODUKTET**

Foto: Arild Moen.



Svein Solenes i

**PRODUKTET**

Foto: Arild Moen.



Vivi Sunde i

**PIETÀ**

Foto: Arild Moen.



Vivi Sunde og Peter Alexander Kolstad Norum i

**PIETÀ**

Foto: Arild Moen.

## NOTAR

### Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små føretak. Disse rekneskapsprinsipp er brukt: Variabel tilvergingskost for eigentilvirka varer, FIFO-metoden for tilordning av anskaffelseskost for ombyttelege finansielle egedelar, lågaste-verdiprinsipp for marknadsbaserte finansielle omlaupsmidlar, forsikra pensjonsforpliktingar er ikkje balanseført - kostnadene er lik premien. Leigeavtalar er ikkje balanseført.

### Note 1: Turnéutgifter

Lønnsrelaterte kostnader	895 000
Husleige, arrangørhonorar m.m.	149 000
Transport og bilhald	697 000
Hotell	577 000
Annonsering på turné	113 000
<b>Sum turnéutgifter</b>	<b>2 431 000</b>

Turnéutgiftene er definert som utgifter direkte knytta til turnéverksemd. Ordinær lønn i turné perioden er tildømes ikkje medrekna her, men kostnader til turnétilllegg, diett m.m. som direkte kan knyttast til turnéverksemd.

### Note 2: Billettinntekter

Et rom for kjærlighet	583 875
Vinterdvale	484 470
Lampedusa	273 600
Sigurd Slembe	202 099
Margot	118 937
Invasjon!	76 546
Kafeteater	58 520
Pietà	50 595
Peer Gynt	38 270
Produktet	26 431
Vekkerklokka	20 000
Pravda	12 820
Kurs og småproduksjoner	11 700
Natta lyser sitt mørker	5 380
Andre arrangement	7 830
<b>SUM</b>	<b>1 971 073</b>

### Note 3: Godtgjersle

For perioden 01.01.08 til 31.12.08 er det utbetalt honorar til styret med kr 102 000.

Løn til teatersjef kr 759 724 inkludert husleige kr 132 000.

Revisor har motteke kr 41 250 som godtgjersle for ordinær revisjon.

### Note 4: Lønskostnader

	2008	2007
Løningar	10 659 827	10 134 756
Arbeidsgivaravgift	1 621 011	1 498 408
Pensjonskostnader	1 293 410	1 059 992
Andre ytingar	686 535	684 824
<b>Sum</b>	<b>14 260 783</b>	<b>13 377 980</b>

### Note 5: Pensjonsforpliktingar

Teatret Vårt har ordinær tariffesta tenestepensjonsordning og AFP dekkja gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse.

### Note 6: Varige driftsmidlar

	Bilar	Maskiner inventar	Bygg	Sum
Kostpris 01.01.	595 759	2 385 233	1 202 302	4 183 294
Tilgang i året	20 000	822 146	0	842 146
Salg i året				
Kostpris 31.12.	615 759	3 207 379	1 202 302	5 025 440
Akk.avskr.	- 374 127	-1 542 140	-774 423	-2 690 690
Bokf. verdi 31.12.	241 632	1 665 239	427 879	2 334 750
Årets avskr.	65 132	360 239	213 940	640 000
Avskr. tid	10	10	20	
Avskr. plan	Lineær	Lineær	Lineær	

**Leigekontraktar**

Årleg leige av Julsundvegen 4 er kr 1 253 856. Leigekontrakten utgår 31.12.2009 med rett til fornying. Årleg leige av verkstad og lagerlokaler i Krohnsvingen 1 er kr 208 600. Leigekontrakten utgår 01.08.2012 med rett til fornying.

**Note 7: Aksjekapital og aksjeinformasjon**

	Aksje- kapital	Annan EK	Sum
EK pr. 31.12.07	550 000	2 165 451	2 715 451
Årsresultat		550 090	550 090
EK pr. 31.12.08	550 000	2 715 541	3 265 541

Aksjonærer pr . 31.12.08 var:

	Antall	Eier- andel	På- lydende	Balanse- ført
Møre og Romsdal fylke	132	48 %	2 000	264 000
Molde kommune	132	48 %	2 000	264 000
Noregs Ungdomslag, Møre og Romsdal	11	4 %	2 000	22 000
<b>Sum</b>	<b>275</b>	<b>100 %</b>		<b>550 000</b>

**Note 8 Bankinskott**

Det er avsett kr 542 299 på eigen bankkonto for skattetrekk-smidlar.

**Note 9 Finansielle anleggsmidlar**

Stiftelsen Bjørnsonfestivalen	30 000
Stiftelsen Ålesund Teaterfestival	3 000
Stiftelsen Schwittersdagene	5 000
Molde Kulturbygg AS	46 000
Eigenkapital i KLP	182 701
<b>Sum</b>	<b>266 701</b>

**Note 10: Periodiseringar****Forskottsbetalte kostnader og påkomne inntekter, totalt kr 1 148 839**

Dette er kostnader forskottsbetalt i 2008 for framsyningar i 2009/2010. Kr. 60 111 for utvikling av manus for *Cernova* med premie i 2010. Kr. 310 445 for utvikling av manus og oversettelse av framsyninga *En høstkveld før stillheten* med premie i 2010. Kr. 155 282 for utvikling av manus for framsyninga *Hele Norges Bennus* med premie i 2009. Kr. 74 358 i honorar for framsyninga *Lang dags ferd mot natt* med premie i 2009. Kr. 421 041 i påløpte kostnader til framsyninga *Det regner aske* som har premie i 2009. I tillegg er det refusjon på kostnader i Magic-Net samarbeidet for kostnader påkomne i 2008 som utgjør ca. kr. 100 000. Kr. 20 000 er inntekter for ein turné med framsyninga *Vekkerklokka* som er gjennomført i 2008 men som blir fakturert i 2009.

**Forskottsbetalte inntekter og påkomne kostnader**

Det er ikkje aktivert noko på forskottsbetalte inntekter og påkomne kostnader.

**Note 11: Andre kortsiktige fordringar**

I beløpet på kr 1 828 874 ligg lån til Molde Kulturbygg AS kr. 1 683 000 + kr. 35 000 i påløpte renter på dette lånet. Dette er kostnader til forprosjektet som teatret forskutterte og som er gjort om til ansvarleg lån.

Molde 12. februar 2009

*Elen Lein*

Elen Lein  
styreleiar

*Ottar Brage Guttelvik*

Ottar Brage Guttelvik  
styremedlem

*Heidi Iren W. Olsen*

Heidi Iren Wedlog-Olsen  
styremedlem

*Per Kåre Trengereid*

Per Kåre Trengereid  
nestleiar

*Valborg Frøysnes*

Valborg Frøysnes  
styremedlem

Per Kristian Øyen  
styremedlem

*Heidi Løkkingsholm*

Heidi Løkkingsholm  
styremedlem

*Carl Morten Amundsen*

Carl Morten Amundsen  
teatersjef



Audun Sandem, Isa Aouifia, Hugo Mikal Skår, Hilde Marie Farstad Bergersen og Valborg Frøysnes i **SIGRD SLEMBE**

Foto: Arild Moen.



Svein Solenes i **SIGRD SLEMBE**

Foto: Arild Moen.

## Fast og åremåls tilsett personale

Teatersjef/administrasjon/ marknad/formidling	10
Skodespelarar	8
Teknisk personale	8
<b>Sum tilsette</b>	<b>26</b>
Utgjer 24 heile stillingar	

## Framsyingar og billettinntekter

Publikum	31 861
Framsyingar	282
Billettinntekter	1 971 073
Gj.snitt inntekt pr.bill.	61,86

## Totale driftsinntekter- og utgifter

Eigne inntekter	3 114 506
i prosent av totale driftsutgifter	13%

## Tilskott

Staten (kap. 324, post 71)	14 931 000
Møre og Romsdal fylke	3 200 000
Molde kommune	3 200 000
Andre tilskott	0
<b>Samla tilskott</b>	<b>21 331 000</b>

## ØKONOMISK RESULTAT

	2005	2006	2007	2008
<u>Inntekter:</u>				
Billettsal	2,0	2,8	2,8	2,0
Anna	0,9	1,4	1,8	1,1
Tilskott	18,0	19,1	20,5	21,3
<b>Sum</b>	<b>20,9</b>	<b>23,3</b>	<b>25,1</b>	<b>24,4</b>

Kostnader

Drift	20,8	23,6	24,1	24,0
Finansk.	0	0,0	0,0	-0,1
Ekstraord.	0	0,0	0,0	0,0
<b>Resultat</b>	<b>0,1</b>	<b>-0,3</b>	<b>1,0</b>	<b>0,5</b>

## Eigenkapital pr 31.12.

<b>Sum</b>	<b>2,1</b>	<b>1,8</b>	<b>2,7</b>	<b>3,2</b>
------------	------------	------------	------------	------------

## STATISTIKK 2008

Produksjon	For barn og ungdom	
	Publikum	Fram- syingar
Et rom for kjærlighet	7 440	46
Lampedusa	2 545	13
Produktet	581	13
Vinterdvale	6 516	37
Pietà	551	11
Sigurd Slembe	2 154	30
Invasjon!	1 397	25
Okse og Esel	3 899	21
Tusen og en natt	1 330	12
One day in Europe	1 527	15
Margot - the show	461	3
Pravda	110	2
Peer Gynt- verdensborger	202	2
Natta lyser sitt mørker	29	1
Alle gode ting er tre	120	2
Vekkerklokka	1 588	28
Sidescenen	1 276	20
Barnlige lyst	135	1
<b>SUM</b>	<b>31 861</b>	<b>282</b>

## REVISJONSMELDING



Medlemmer av Den norske Revisorforening

INTER REVISJON AS  
POSTADRESSE: SERVICEBOKS 15  
6405 MOLDE  
BESØKSADRESSE: NØISØMHED

TELEFON: 47-71 20 62 00  
TELEFAX: 47-71 20 62 01  
E-MAIL: molde@interrevisjon.no  
ORG. NR. NO 988 617 105 MVA

Til generalforsamlingen i

AS Regionteatret i Møre og Romsdal

## REVISJONSBERETNING FOR 2008

Vi har revidert årsregnskapet for AS Regionteatret i Møre og Romsdal for regnskapsåret 2008, som viser et overskudd på kr 550.090,-. Vi har også revidert opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet, forutsetningen om fortsatt drift og forslaget til anvendelse av overskuddet. Årsregnskapet består av resultatregnskap, balanse og noteopplysninger. Regnskapslovens regler og god regnskapskikk i Norge er anvendt ved utarbeidelsen av regnskapet. Årsregnskapet og årsberetningen er avgitt av selskapets styre og daglig leder. Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold i henhold til revisorlovens krav.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder revisjonsstandarder vedtatt av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper og vesentlige regnskapsestimater, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av årsregnskapet. I den grad det følger av god revisjonsskikk, omfatter revisjon også en gjennomgåelse av selskapets formuesforvaltning og regnskaps- og internkontrollsystemer. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

Vi mener at

- årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av selskapets økonomiske stilling 31. desember 2008 og for resultatet i regnskapsåret i overensstemmelse med god regnskapskikk i Norge
- ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge
- opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet, forutsetningen om fortsatt drift og forslaget til anvendelse av overskuddet er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Molde, 13. mai 2009  
Inter Revisjon AS

  
Jarle Mellinger  
Statsautorisert revisor

## STRATEGIDOKUMENT 2009-2011

“Det som var den bærende bjelken i Teatret Vårt var en sterk tro på att den bästa teatern kan göras var som helst”

Henning Mankell, instruktør ved Teatret Vårt på 70-tallet og i 2007

Vi vet at det ikke finnes lettvinne veier til kunstneriske resultater. All kunst forutsetter nysgjerrighet, undring, fantasi og overskridelse. Man må overraske og overraskes. Selvtillfredshet skaper sjelden langvarig suksess. I kunsten finnes ingen oppskrifter. Så selv om planer og strategidokumenter er upålitelige navigasjonsinstrumenter, kan de brukes til å reflektere over noen målsettinger, diskutere noen mulige veivalg.

### Lite teater i liten by

Små økonomiske ressurser kan langt på vei kompenseres ved at organisasjonen er smidig og oversiktig. Raskt og enhetlig kan det konsentrere seg om et kunstnerisk prosjekt, en enkelt forestilling eller samle seg bak noen felles bærende kunstneriske ambisjoner.

Teatret har et synlighetsproblem. Byen ligger i god avstand fra fjernsynsstudier og kommersiell underholdningsindustri. Riksavisene er mindre interessert i scenekunst utenfor de store byene, først og fremst Oslo. Det er blitt betydelig vanskeligere å synes i et stadig mer sentralisert mediebilde. Teatret kan ikke undervurdere de utfordringene som det gir å være en profesjonell kunstproduserende institusjon med store ambisjoner med beliggenhet i det såkalte distrikts-Norge. Teatret Vårt mener at det derfor må hente fram kvaliteter som ingen andre teatre har.

Dette er grunnlaget for planene om et eget jazz- og teaterhus på Gørvellplassen i Molde. For det første vil en realisering av disse planene gi teatret scenetekniske fasiliteter det aldri før har hatt. Institusjonen har vært i provisoriske lokaler siden starten i 1972. Videre vil samarbeidet med Jazzfestivalen, Bjørnsonfestivalen og Kunstnersenteret samt biblioteket gi alle institusjonene mulighet til vekst og utvikling. Det vil skape et større fagmiljø, det vil åpne for spennende genreoverskridende prosjekt og det vil styrke den kulturelle infrastrukturen for hele regionen.

### Konsentrasjon og kresent repertoarvalg

Men det er mulig å holde stor konsentrasjon rundt den enkelte oppsetning. For mange skuespillerne er det godt å kunne vie seg ett enkelt prosjekt fullt og helt. For dem er det rolleoppgavene og sammenhengen som avgjør. Er stykket spennende, er instruktøren attraktiv, er min oppgave meningsfull? Teatret må benytte dette bevisst. Det stiller store krav til repertoarvalg og valg av instruktører og scenografer. Teatret må være tidlig ute med å hente inn skuespill fra utlandet og å holde særlig utikk etter den nye norske dramatikken. Klassikeroppsetningene bør være overraskende og originale. Repertoaret de senere år understreker denne profilen. Det er et stort innslag av norgespremierer og klaskikerne har ofte vært overraskende. Teatret skal fortsette å rekruttere helt unge skuespillere, gi dem store og meningsfulle oppgaver sammen med ensemblets faste medlemmer og tilreisende gjester. Teatret Vårt ønsker å satse på Bjørnsons dramatik i årene fram til Bjørnsonmarkeringen i 2010. Et stykke av Bjørnson vil bli produsert hvert år fra 2008.

### Nytt hus, nye skuespill

I forbindelse med planene om et nytt teaterbygg er det tatt flere skritt med tanke på å presentere flere nyskrevne skuespill i det nye huset. Flere av disse har lokal og regional knytning.

### Teknisk stab og administrasjon

Teatret trenger en liten men dypt profesjonell teknisk stab med stor fleksibilitet i forhold til tradisjonelle fagskilleder. Innenfor området turnéavvikling har teatrets tekniske personale særlige kvalifikasjoner. Disse må dyrkes og utvikles videre. Sceneteknisk personale må få

anledning til å utvikle seg faglig også på de områdene der teatret ikke har spisskompetanse.

Teatrets administrasjon har som helhet lang erfaring og stor dyktighet, både når det gjelder planlegging, økonomi og kontakt med teatrets mange ulike spillesteder. Administrasjonen er en sentral del av teatrets infrastruktur. I forbindelse med innflyttingen i et nytt hus vil ulike samarbeidsmodeller kunne utvikles. Teatret, Bjørnsonfestivalen og Jazzfestivalen har allerede etablert felles regnskapsjeneste. Andre muligheter for samarbeid vil kunne styrke den administrative kompetansen ytterligere og vil i noen grad kunne gi synergieffekter.

### Kunstnerisk teater for barn og ungdom

Barne- og ungdomsteatret har lav prestisje i norsk teater. Teatret Vårt har tatt mål av seg til å være et kunstnerisk teater også for barn og ungdom. Å satse på et ungt publikum skal vi ikke gjøre av hensyn til fremtidens publikum. Barn og unge er et publikum *i dag*. Barn og unge har også krav på at deres liv og erfaringer blir gjenstand for den samme oppmerksomhet, undersøkelse, undring og utforskning som voksne menneskers. Teater handler om menneskets evige spørsmål om hvem det selv er. Teatret Vårt vil gjennom satting på å søke annerledes barnedramatik, utvikle ny norsk barnedramatik gjøre et bidrag når det gjelder å fornye norsk barne- og ungdomsteater.

Teatret Vårt ønsker å være ledende på området *teaterformidling*, spesielt overfor denne publikumsgruppen. Teatret ønsker å videreutvikle sin enhet for teaterformidling i årene som kommer. Teatret Vårt deltar som regionpartner i DUS – Connections. (Et ungdomsteaterprosjekt med nyskrevet norsk dramatik) Samarbeidet med blant annet Møre og Romsdal fylke om *Den kulturelle skolesekken* må utvikles videre slik at den kan bli et redskap i fornyelsen av norsk barne- og ungdomsteater. Teatret Vårt vil videre assistere flere kulturskoler med opprettelsen av teaterfaget i dette skoleslaget. Vi vil i den forbindelsen prioritere grunnleggende skuespillerferdigheter, ikke ulikt slik musikkskolene har prioritert grunnopplæring på de ulike musikkinstrumenter.

### Internasjonalt samarbeid

Samarbeidet i Magic-Net bør føres videre etter at de økonomiske midlene fra EU-kommisjonen forsvinner. Dette kan skje på bilateral basis mellom teatre som er blitt kjent under de 7 årene MaicNet har eksistert. Den internasjonale utvekslingen virker befordrende og inspirerende for hele fagmiljøet og gir teatret muligheter til å vurdere eget faglig nivå mot en internasjonal målestokk. Å kunne reise ut og i perioder også være ved teatre i utlandet kan være et viktig konkurransefortrinn for Teatret Vårt. Teatret Vårt fortsetter å medvirke i EuNetArt – den europeiske organisasjonen for kunstformidling mot barn og unge.

### Nye utfordringer i turnépolitikken

Et kjerneområde for regionteatrets virksomhet er turnévirksomheten. Teatret Vårt skal være teater for hele Møre og Romsdal. Innenfor barne- og ungdomsteatret når teatret bedre ut enn noensinne takket være en velfungerende *Kulturell skolesekk*. Når det gjelder det ordinære tilbudet til et voksent publikum er situasjonen noe vanskeligere. Markedsituasjonen har endret seg på de mer enn 30 årene teatret har vært på veien. Fritids- og underholdningstilbudene er større. Det er krevende å markere seg tilstrekkelig på det enkelte spillested. Det er krevende å opprette sterke eierskapsbånd til bygder, byer og tettsteder vi bare besøker noen enkeltdager i løpet av et år. Teatret vil i årene som kommer måtte styrke arrangørnettverket. Sammen med Møre og Romsdal fylke og enkeltkommuner må teatret finne frem til en turnépolitikk tilpasset vår tid. Særlig må teatret styrke sin posisjon i de to andre store byene, Ålesund og Kristiansund. Her finnes et stort publikumspotensial. Teatret må sammen med andre aktører bygge opp lokal representasjon som kan arbeide profesjonelt med formidling av teaterforestillinger (også andre teatres forestillinger slik som Riksteatrets).



Hilde Marie Farstad Bergersen, Isa Aouifia, Hugo Mikal Skår og Enrique Drageseth i **INVASJON!**

Foto: Arild Moen.



Enrique Drageseth og Hugo Mikal Skår i **INVASJON!**

Foto: Arild Moen.

## HEDDAPRIS TIL VINTERDVALE

VINNER AV HEDDAPRISEN 2008 I  
KLASSEN: ÅRETS BARNE- OG UNG-  
DOMSFORSTILLING

Ute i verden skrives og spilles det mye ny og spennende dramatik for barn. Men institusjonsteatrene her hjemme følger ikke med tiden, og tilbyr helst bare nye oppsetninger av de eviggrønne barneklassikerne til Egner og Lindgren. Desto gledeligere at ett av våre teatre friskt og freidig og med glimrende kunstnerisk resultat har satset på nyskrevet dramatik for barn. Prisvinneren er noe så sjeldent som en morsom, vittig og vakker forestilling, som med originale, sjarmerende og effektive virkemidler uttrykker noe både viktig og vesentlig for aldersgruppen den henvender seg til.

Vinneren er *Vinterdvale* av nederlandske Heleen Verburg på Teatret Vårt våren 2007.

## REPERTOAR 2008

### HOVUDPRODUKSJONAR

#### Lampedusa

av Henning Mankell omsett av Edvard Hoem

Medverkande: Vivi Sunde, Terese Mungai, Svein Solenes

Regi: Henning Mankell  
Assisterende instruktør: Carl Morten Amundsen  
Scenograf: Milja Salovaara  
Musikk: Henning Sommerro  
Lysdesign: Finn Landsperg  
Masker: Ruth Haraldsdottir Norvik

Noregspremière i Rauma kulturhus, Åndalsnes, 14. september 2007.

*Lampedusa* var ein samproduksjon mellom Teatret Vårt og Riksteatret.

Framsyingar	13	69 (2007)
Publikum	2 545	6 419 (2007)

#### Et rom for kjærlighet

av Malin Lagerlöf omsett av Carl Morten Amundsen

Medverkande: Valborg Frøysnes, Håkon Moe/Øyvind Gran, Anitra Terese Eriksen/Eva Dons

Regi: Carl Morten Amundsen  
Scenograf: Martin Linde  
Musikk: Jonas Høgseth  
Lysdesign: Finn Landsperg

Noregspremière 13. oktober 2007 på Kulturhuset i Molde.

Framsyingar	46	39 (2007)
-------------	----	-----------

Publikum	7 440	5 923 (2007)
----------	-------	--------------

#### Vinterdvale

av Heleen Verburg omsett av Bernt Nikolai Hulsker

Medverkande: Valborg Frøysnes, Håkon Moe og Hilde Marie Farstad Bergersen

Regi: Odette Bereska  
Scenografi og kostymar: Anja Furthmann  
Lysdesign: Finn Landsperg  
Komponist/lyddesign: Jonas Høgseth

Noregspremière 21. februar 2008 på Teatret Vårt.

Framsyingar:	37
Publikum:	6 515

#### Produktet

av Mark Ravenhill omsett av Svein Solenes

Medverkande: Svein Solenes og Ingvild Vaagsether

Regi: Pål Sletaune  
Scenografi: Arne Nøst  
Lys: Finn Landsperg og Kick Mentzoni

Noregspremière 8. mars 2008 under Ålesund Teaterfestival.

Framsyingar:	13
Publikum:	581

#### Pietà

av Astrid Saalbach omsett av Vivi Sunde

Medverkande: Vivi Sunde og Peter Alexander Kolstad Norum

Regi: Carl Morten Amundsen  
 Scenografi: Arne Nøst  
 Musikk: Jonas Høgseth  
 Lysdesign: Finn Landsperg og Kick Mentzoni

Noregspremière på Teatret Vårt 9. april 2008.

Framsyingar: 11  
 Publikum: 551

### Tusen og en natt

Medverkande: Hilde Marie Farstad Bergersen, Hugo Mikal Skår, Enrique Drageseth  
 Musikarar: Rohini Sahajpal, Jai Shankar, Shri Lal

Regi: Svein Solenes

Première på Gørvellplassen i Molde 12. juli 2008.

Framsyingar: 12  
 Publikum: 1 330

I samarbeid med Moldejazz.

### Sigurd Slembe

av Bjørnstjerne Bjørnson

Medverkande: Isa Aouifia, Gøril Haukebø, Svein Solenes, Audun Sandem, Nina Andreassen, Valborg Frøysnes, Hilde Marie Farstad Bergersen, Hugo Mikal Skår

Regi og bearbeidelse: Uwe Cramer  
 Scenografi og kostymar: Ulv Jakobsen  
 Musikk: Marilyn Mazur  
 Lysdesign: Finn Landsperg  
 Maske: Birgit Haugå  
 Språkleg bearbeiding

og dramaturgi: Carl Morten Amundsen

Première på Teatret Vårt 29. august 2008.

Framsyingar: 30  
 Publikum: 2 154

### Invasjon!

av Jonas Hassen Khemiri omsett av Andreas Østby

Medverkande: Isa Aouifia, Hilde Marie Farstad Bergersen, Hugo Mikal Skår og Enrique Drageseth

Regi og bearbeidelse: Bjørn Sæter  
 Scenografi: Per Olav Austdahl  
 Lysdesign: Finn Landsperg  
 Maske: Ruth Haraldsdottir Norvik

Noregspremière på Teatret Vårt 21. november 2008.

Framsyingar: 25  
 Publikum: 1 397

### Okse og Esel

av Norbert Ebel omsett av Carl Morten Amundsen

Medverkande: Pål Rønning og Svein Solenes

Regi: Randolph Walderhaug  
 Scenograf: Martin Linde

Gjestespel på Den Nationale Scene, Bergen

Framsyingar: 21  
 Publikum: 3 899



Instruktør Odette Bereska og teatersjef Carl Morten Amundsen feirer Heddaprisen for beste barne- og ungdomsforestilling.

## TEATRETS VENNER

Teatret Vårt har sidan 2003 hatt si eiga veneforeining. Sett i forhold til byens og teatrets storleik er dette ei stor veneforeining i norsk samanheng. Teatrets Venner arrangerer venekveldar med teaterframsyingar, eige lese- og lyrikkgrupper, samt teaterturar og medlemsbladet Innkikk.

Pr. 31. januar 2008 var medlemstalet 464.

## Generalsponsor:



**SPAREBANKEN MØRE**

## Hovudsponsorar:



## SAMPRODUKSJONER

Magic-Net produksjon:

**One day in Europe**

Medverkande

frå Teatret Vårt: Valborg Frøysnes

Framsyningar 15

Publikum 1 527

## PERSONALE VED TEATRET VÅRT

## Skodespelarar/kunstnarleg tilsette:

Valborg Frøysnes	heile året	(skodespelar)
Terese Mungai	til 31.1.	(skodespelar)
Gøril Haukebø	heile året	(skodespelar)
Håkon Moe	til 14.5.	(skodespelar)
Svein Solenes	heile året	(skodespelar)
Vivi Sunde	heile året	(skodespelar)
Randolf Walderhaug	permisjon	(skodespelar)
Anitra Terese Eriksen	til 31.1.	(skodespelar)
Ingvild Vaagsether	31.1.-	(skodespelar)
Nina E. Andreassen	4.5.-20.10.	(skodespelar)
Hilde M. F. Bergersen	heile året	(skodespelar)
Audun Sandem	4.5.-20.10.	(skodespelar)
Hugo Mikal Skår	4.5.-	(skodespelar)
Enrique Drageseth	12.6.-	(skodespelar)
Isa Aouifia	1.8.-15.2.09	(skodespelar)
Eva Dons	1.10.-31.12.	(skodespelar)
Øyvind Gran	30.8.-	(skodespelar)

## Administrasjon:

Carl Morten Amunsen	heile året	(teatersjef)
Venche Husevik	heile året	(billettselgar)
Mary Farstad	heile året	(adm. konsulent)
Halvard Fiksdal	heile året	(produsent)
Rolf-Inge Hjelseth	heile året	(informasjonsleiar)
Knut Lidvard Høgset	heile året	(direktør)
Evy Johannessen	heile året	(adm. sekretær)
Rolf Magnus Orø	heile året	(formidlingsleiar)
Tone M. Cumming	til 29.2.	(markedsleiar)
Solveig M. Vågen	heile året	(markedsleiar)
Kristian L. Strømskag	heile året	(dramaturg)
Bente M. Hoflandsdal	heile året	(løn- og rekneskap)

**Teknisk:**

Gerd G. Austnes	heile året	(systova)
Mathias Hammerø	heile året	(snikkar/teknikar)
Knut Arve Karlberg	heile året	(teknikar)
Bjørn Kaldvatstvik	heile året	(inspisient)
Svein Larsen	heile året	(teknisk leiar)
Finn Landsperg	heile året	(lysmeister)
Åshild Mjåseth	heile året	(systova/leiar)
Bergliot Rørvik	heile året	(rekvisitør)
Magnar Mork	til 29.11.	(snikkar/teknikar)
Jonas Høgseth	til 11.12.	(inspisient)

**REPRESENTASJON****Stiftelsen Bjørnsonfestivalen:**

Carl Morten Amundsen styremedlem

**Stiftelsen Ålesund Teaterfestival:**

Knut Lidvard Høgset styremedlem

**Norsk Teater- og orkesterforening:**

Elen Lein styremedlem

**Forhandlingsutvalet i Norsk Teater- og orkesterforening:**

Carl Morten Amundsen medlem

**Norsk Teaterlederforum:**

Carl Morten Amundsen styreleiar  
Knut Lidvard Høgset medlem

**Molde Kulturbygg AS:**

Carl Morten Amundsen nestleiar  
Elen Lein styremedlem  
Per Einar Langseth styremedlem

**STYRET VED TEATRET VÅRT****Representantar frå Staten:**

Elen Lein	styreleiar
Heidi Løklingsholm	styremedlem
Per Kristian Øyen	styremedlem
Leon Aurdal	varamedlem

**Representantar frå Møre og Romsdal fylke:**

Ottar Brage Guttelvik	styremedlem
Willy Loftheim	varamedlem

**Representantar frå Molde kommune:**

Per Kåre Trengereid	nestleiar
Ingrid Kvande	varamedlem

**Representantar frå Noregs ungdomslag, Møre og Romsdal:**

Heidi Iren Wedlog-Olsen	styremedlem
Aud Solveig M. Pedersen	varamedlem

**Representantar frå dei tilsette:**

Valborg Frøysnes	styremedlem
Svein Larsen	varamedlem/observatør

Støtta av:



Møre og Romsdal fylke



MOLDE KOMMUNE

# Teatret Vårt

REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL  
Telefon 71 24 02 80 - E-post: [post@teatretvart.no](mailto:post@teatretvart.no) - Internet: [www.teatretvart.no](http://www.teatretvart.no)